



Vikarstafetten



Metoderapport SKUP

Innsendar: Monica Aure Fallingen, for Mediehuset Nyss.

Takk til: Redaksjonen i Mediehuset Nyss, Liv Jorunn Håker (Sunnmørsposten) for digital bistand, Linda Nygard Sture (Sunnmørsposten) for illustrasjonar og Sindre Halkjelsvik (Sunnmørsposten) for god sparring.

Arbeidet starta i januar 2023 og vart avslutta hausten 2024. Artiklane blei publisert i dette tidsrommet på nett og papir.

Bidraget består av følgjande element: Ei stor nettsak, fleire mindre artiklar og ei rekkje artiklar som belyser problema ved legesenteret i Sykkylven. I tillegg vart det laga ein teaser for Vikarstafetten i sosiale medium.

Innhald:

- 1. Bakgrunn**
- 2. Slik kom arbeidet i gang**
- 3. Metode**
- 4. Etikk**
- 5. Spesielle erfaringar**
- 6. Motstand**
- 7. Organisering av arbeidet**
- 8. Dette er nytt.**
- 9. Konsekvensar**

1. Bakgrunn

I Sykkylven har fastlegetenesta vore eit omdiskutert tema gjennom mange år. Kostnadar skulle kuttast og legetenesta betrast gjennom at legesenteret gjekk frå å vere privat til kommunalt, men det heile enda som eit stort hovudbry for både administrasjon, politikarar, tilsette ved legesenteret og ikkje minst for innbyggjarane. Tilbodet vart dyrare og dårlegare, og det har vore ein betent strid mellom legar og kommune. Tre sykkylvingar som har vore fastlegar i Sykkylven i mange år gjekk over til det kommunale legesenteret i nabokommunen Stranda. Kommunen sine kostnadar til legeteneste auka kraftig på få år, mange legar slutta og brukarane måtte forhalde seg stadig nye fastlegar og vikarar som kom og gjekk.

Dette var naturleg nok eit mykje omsnakka tema kring i lokalmiljøet. Mange lause påstandar vart spreidde, og lokalavisa ønskte å få belyst saka grundig.

Nyss (og andre medium) har publisert mange saker om fastlegesituasjonen i Sykkylven dei siste åra, og vi har i lang tid hatt eit ønske om eit større prosjekt om temaet. Den største utfordringa var å finne tid til graving, i ein liten redaksjon. For ei lita lokalavis med fem journalistar og redaktør verka oppgåva ei stund uoverkomeleg stor, i ein hektisk kvardag og utan høve til å frigje ressursar i noko særleg stor grad. Underteiknande, som er redaktør i Nyss, starta arbeidet i det små.

2. Slik kom arbeidet i gang

Eg fann fram gamle nyheitssaker, politiske vedtak og fekk innsyn i alle klagesaker om legesenteret hos Statsforvaltaren siste ti åra. Langs med snakka eg med mange personar som har hatt tilknytning til legesenteret. Eg kontakta tidlegare legar som hadde jobba ved legesenteret og slutta etter kort tid, og gjorde anonyme intervju.

Våren 2023 deltok alle redaksjonelle medarbeidarar i Nyss på eit kompetanseprogram for undersøkjande journalistikk, i regi av Institutt for Journalistikk, gjennom Sunnmørsposten. Fokuset på kvardagsgraving, innsyn, dokumentsøk og tesebasert jobbing gav ein ny giv i arbeidet med Vikarstafetten. Eg fann mykje spanande ny info på veggen, som til dømes at prisen kommunen betalte for legesenteret hadde firedobla seg på få år, samtidig som det reelt sett berre var 1200 av 7630 innbyggjarar som hadde tilgang til fast fastlege.

Gjennom kontakt med Brukarorganisasjonane i Sykkylven vart eg sett i kontakt med ein god case. Parkinson-råka Per, som hadde hatt svært mange fastlegar på få år ønskte å stå fram. Det var den viktige brikka eg mangla, brukarperspektivet. Bit for bit vart dette arbeidet til Vikarstafetten.

3. Metode

Hypotesen eg jobba ut i frå var «Overgangen frå privat til kommunalt eigarskap av legesenteret har ført til ei alvorleg forverring av fastlegedekninga og arbeidsforholda for legane. Dette har resultert i høg turnover, auka belastning på både legar og pasientar og kraftig auka kostnadar.» Eg starta jobben med å lage eit kart over ulike vinklingar. Så brukte eg mykje tid på å lage ei tidslinje, som viste heilt enkelt og oversiktleg kvar saka starta, politiske vedtak, viktige hendingar og tilsette som kom og gjekk. Så laga eg ei sak om sjølve historia. Vidare såg eg på statistikk, korleis Sykkylven ligg an i forhold til resten av landet når det gjeld fastlegedekning. Eg laga ei oversikt over alle legane som hadde blitt tilsett og slutta, og kven som var att. Fleire tilsette fekk uttale seg, og i tillegg ringte eg til eit utval av legar som hadde slutta, og gjorde intervju med dei som ønskte å uttale seg.

” Det var ingen velvilje å møte når det gjaldt noko frå kommunen si side
” Vi har vore fleire som har sitte både kveld og helg med arbeid utan å få betalt for det. Beskjeden var at «det er ingen som pålegg deg å arbeide etter klokka 16.»
” Oppdatering av journalar var svært tidkrevjande, spesielt når ein er ny lege med pasientar som ein ikkje kjenner
” Eg sit ikkje igjen med ei kjensle av at det var nokon over oss i systemet som ville passe på oss, det var berre eit jag etter at vi skulle generere «nok inntekter».

Så søkte eg innsyn hos Statsforvaltaren og gjekk gjennom kvar klage som handla om helsehjelp, og såg at det hadde vore ein stor auke. Eg gjorde intervju med tidlegare eigar av legesenteret, og vidare med kommunedirektøren, om situasjonen, tiltak, kva kommunen gjorde for å verte meir attraktive for nye fastlegar og om framtida. Eg samla viktige faksimiler frå tidlegare nyheitsartiklar i eiga avis, Sunnmørsposten og NRK, som viste mellom anna usemja som har vore, kva politikarane meinte før prosessen vart starta, lesarinnlegg og fokus på dei særst gode vilkåra vikarlegane har.

Året etter, i 2024, jobba eg vidare med saka i Vikarstafetten del 2, som bestod av fleire artiklar. Der intervjuja eg casen vår Per igjen, og no opplevde han meir ro rundt legetenesta. Vi søkte nye innsyn i helsesaker hos Statsforvaltaren i juli, og det viste seg at klagane hadde stoppa opp. Ingen hadde sendt inn klagesak på legesenteret så langt i 2024. Ved å søkte innsyn i økonomien fann vi at kostnadane i 2023 var ein tredjedel til det dei var i 2022, eit tal som også overraska økonomisjefen. Vi fekk presentert eit nytt legesenterbygg som skal takast i bruk. Vi kunne også kome med gladsaka om at talet på pasientar som hadde tilgang på fast fastlege på eit år hadde vorte om lag firedobla. Frå første del av Vikarstafetten kom ut i 2023 til del 2 kom i 2024 var det tilsett seks nye fastlegar. I september 2024 kunne legesenteret melde om full fastlegedekning.

4. Etikk

Som oftast i betente konfliktsaker har ei sak minst to sider. Som alltid når ein skal belyse saker der offentlege instansar blir kritisert av nokon som har vore tilsett vert det vanskeleg å få tilsvar som er fullstendige, grunna teieplikt. Om kommunen til dømes hadde noko negativt å seie om dei tilsette, som kunne vere ein grunn til at dei slutta, ville vi ikkje få fram dette. Difor var det spesielt viktig for oss med god kjeldebreidde. Eit utval av tilsette fekk høve til å uttale seg om korleis det var å jobbe ved legesenteret, og kvifor dei slutta. Vi stilte også kritiske spørsmål til tilsette, «var det noko du kunne gjort annleis for å betre situasjonen?». Og kommunedirektøren fekk svare på alle sakene som vart laga i Vikarstafetten.

5. Spesielle erfaringar og motstand

Det viktigaste verktøyet i arbeidet var det opphavlege kartet og tidslina, for å få ein struktur i arbeidet. Eg har aldri jobba så mykje med ei sak nokon gong, og det vert toppar og dalar i motivasjonen. Det er tungt når ein ikkje får svara ein treng, spesielt når ein av og til føler at det vert trenert med vilje. Men samtidig er det eit skikkeleg adrenalinkick når ein finn nye opplysingar i saka.



6. Organisering av arbeidet

Eg var åleine om å jobbe med Vikarstafetten, og som redaktør og dagleg leiar for ei lita avis er det ikkje mykje tid ein har til å setje av til eit slikt prosjekt. Dermed vart det eit «ved sidan av-arbeid» over fleire månadar. Eg kunne nok, og burde kanskje, ha delegert noko, men kjende på at det fungerte godt at eg hadde trådane sjølv.

Det har vore mykje jobb, men eg har fått god hjelp frå både egne ressursar, mellom anna Amanda Røed Stave som laga ein teaser til saka, og seinare Liv Jorunn Håker og Linda Nygard Sture i Sunnmørsposten, som laga ei fantastisk flott «innpakking» på saka, både på papir og nett. Og ikkje minst så hadde eg god hjelp til sparring i eigen redaksjon og med Sindre Halkjelsvik i Sunnmørsposten.

8. Dette er nytt

Året etter Vikarstafetten del 1 så var situasjonen i Sykkylven ein heilt annan enn då den vart laga. Brått har kostnadane kommunen betalar for legetenestene blitt ein tredjedel i 2023, samanlikna med året før. I haust var det meldt om full fastlegedekning

i kommunen.

9. Konsekvensar

Det var mykje blest rundt saka Vikarstafetten, då den første delen vart publisert i mars 2023. Den vart også tema i det første kommunestyret etterpå, og politikarane vedtok at Sykkylven kommune skal sikre berekraftige, framtidretta fastlegetenester for sine innbyggjarar. Etter to månadar var to nye fastlegar tilsett og fleire vikarar med langtidskontraktar kom også på plass. To månadar etter at Vikarstafetten del 2 kom ut melde kommunen om full fastlegedekning.

Kva sakene til Nyss har ført til direkte er vanskeleg å seie. Men utgangspunktet var at heile fastlegetenesta låg brakk, og eit år seinare var situasjonen totalt snudd. Artiklane førte til meir press på kommuneadministrasjon, det vart meir press på politikarane og det er nærliggande å tru at Nyss har gjort ein skilnad. Vi har fått svært mykje respons på artiklane. Lesarane våre si tilbakemelding har stort sett vore at det var etterlengta med ei samla framstilling av prosessen og at det var godt å få presentert fakta. Nokre få har gitt tilbakemelding om at vi heller bør framsnakke legesenteret i staden for å setje lys på det som er negativt. Alt i alt trur vi likevel at artikkelserien har styrka lesarane sitt forhold til Nyss, og gitt oss auka truverd.

Lenker

<https://www.nyss.no/nyss-tv/i/3EV8wd/sjaa-video-i-kveld-kan-du-lese-vikarstafetten>

<https://www.nyss.no/nyhende/i/y69b0r/vikarstafetten-ved-legesenteret>

<https://www.nyss.no/nyhende/i/Oo8Wx1/skal-takast-i-bruk-neste-aar>

<https://www.nyss.no/nyhende/i/4BoR5o/dette-var-kjekke-tal-aa-faa>

<https://www.nyss.no/nyhende/i/wgArGL/det-flyt-paa-ein-god-maate>

<https://www.nyss.no/nyhende/i/bmgOx3/ikkje-saa-mange-nye-legar-no>

<https://www.nyss.no/nyhende/i/bmgOpl/klagane-har-stoppa>

<https://www.nyss.no/nyhende/i/algax2/ny-fastlege-paa-plass-har-no-full-fastlegedekning>

